NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1. Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Modalen

Emne: Ard og Plog. Bygdelag: Eksingedalen

Oppskr. av: Johs. Flatekval f. 1869. Gard: Flatekvål.

(adresse): Flatekvål. G.nr. 89. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Her i bygdi er no brukt berre plog.
2. Kornet vert nedmylda med rive eller ljöre.
3. Daa ard inkje er i bruk no, kann ein kje gjera nokon skilnad millom ard og plog.
4. Som ein „etterkomar" av arden brukte dei her ein reidskap me kalla „potetpikka" eller „grev."



Den var av jern, og staal sett, og vart bruka berre til kypping av poteter og grönsaker.

5. Me kjenner inkje variantene 1-3.
6. Skoklene til plogen kallar me „plogtiller"
7. Svaret fell burt.
8. " " "
9. Ordet ard er kje brukt her paa nokon slags reidskap.
10. svaret fell burt.
11. " " "
12. " " "
13. No er det brukt berre fabrikksmidde plogar. Det var i 1870-80 aari ein byrja föra inn fabrikk-plogar. Dei heimegjorde plogane var laga i bygdene her og var betalte med 3-4 og 5 dalar.

Andre blad.

14. Ein plog av type nr 8 er den eldste og minnest. Det var ein grindaplog, med flat veltefjöl utan beslag. Talen var jern.

15. Plogkaren laga seg ei moldsleie 
som han med eit band knytte um „samleden"

16. Ein köyrde plogen attende paa sida mot veltefjöli.

17. Og paa den sida var sett ein trekloss som slepesko for aa spara plogen for slit.

18. Paa sume gardar hadde dei og ein vinstrehandsplog, der det var ujamnt og bakkete.

19. Ein plögde 4-5-6 tomar djupt.
I framenden paa hylmastokken – plogaasen – var eit jarn med „spor" i. der ein regulerte „dragfestet" upp og ned, so plogen gjekk grunt eller djupt. Inkje hjul paa fyrste plogane.

20. Plogane hadde altid ristel.

21. Slik ristelplog hev inkje vore brukt her.

22. Var det langt aa fragta plogen, vart den lagd paa mykekjerra eller ein „mokslede".

23. Falkenstens= eller Jarlsberg plogen kjenner me inkje til.

Av dei fyrste fabrikkplogane som var kjöpte her var amerikanske Suth-Bend plogar og dei skotske Oliver plogane, sidan kom det Kvernelands og andre plogar av norsk fabrikat. Paa desse siste var det baade hjul, ristel og hylmeskjär.

Ard er uttala ard - plog er uttala plog.

Baae ordi er hankynsord i bygdemaalet.

1481

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING